

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 19.5.2021 kl.17.00-17.30 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørboen, Else Karin Veslegard, Vigdis Moen Storhaug, Birger Bolstad.

Dessutan møtte Audun Flaen på sak 32 og Kjellfred Dekko på heile møtet.

Saksnr.	Ansvar
31/21 Strøyming av gudstenester 30.mai er gudsteneste i folkemusikkveka. Staben ynskjer å avklare om denne skal strøymast.	Staben
Soknerådet ynskjer strøyming av denne gudstenesta dersom musikarane aksepterer dette. Sendinga blir ikkje tilgjengeleg for avspeling seinare.	
32/21 Søknad om midlar til folkemusikkgudstenester Søknad om støtte frå kulturrådet om arrangørstøtte frå 2022 skal sendast inn i løpet av mai. Det er ynskje om å vidareføre førre søknad, med stikkord som vokal tradisjon, tradisjonsinstrument, dans (ulike uttrykk), kompetansesenter, dramaturgisk heilskap, trusopplæring og brubygging. Soknerådet støttar opp om ein slik søknad, og staben tek ansvar for å utarbeide denne.	Kjellfred D Audun F
33/21 Samlingar for 50-årskonfirmantar 24.oktober og 14.november er aktuelle datoar for jubileumssamlingane for kulla 1970 og 1971. Dersom det då framleis er restriksjonar på deltakarar må dei inviterte prioriterast. Det er tilstrekkeleg å sende ut invitasjonane fyrste halvdel av august.	Staben
34/21 Barnas uke i kyrkja (BUK) Me tek utgangspunkt i eit arrangement over tre dagar. I fjar var det ein dag og soknerådet dekka alle utgifter. Soknerådet ynskjer også no at dette blir arrangert utan deltarpengar. Utgiftene blir fordelt med 50% på Ål, og 25% på Leveld og Torpo.	Staben
Neste møte: 16.juni kl 1700	
	Referat: Torfinn Slåtto